



Arkivnr: 2017/2324-6

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

Søknad frå Lustrabaatane AS om løyve for båtrute på strekninga Eidfjord - Ulvik

Samandrag

Lustrabaatane AS har søkt om løyve for båtrute på strekninga Eidfjord – Ulvik. Norled AS driv i dag båtrute på strekninga på oppdrag frå Skyss. Dette på grunnlag av ein nettoavtale som gjeld ut 2019, der operatøren har inntektsansvaret. Operatøren meiner det vil vere i strid med konkurransegrunnlaget for denne ruta å tildele ruteløyve til fleire for drift av båtrute på strekninga. Etter fylkesrådmannen si vurdering kan fleire rutetilbod på Hardangerfjorden vere ei styrke for reiselivsnæringa. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden vert godkjend.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Lustrabaatane AS ruteløyve for strekninga Eidfjord – Ulvik på følgjande vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld for 10 år.
2. Det skal leggjast til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte transporttilbodet mest mogleg likeverdig med andre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.04.2017**Bakgrunn**

Samferdselsavdelinga har i brev av 28.02.17 frå Lustrabaatane AS motteke søknad om løyve for båtrute på strekninga Eidfjord – Ulvik.

Fylkesutvalet er styresmakt for ruteløyve og skal gjere vedtak i saka.

Saksopplysningar

Lustrabaatane ønskjer permanent ruteløyve (for 10 år). I 2017 ønskjer dei å drifte ruta i perioden 26. mai – 30. september. Det er lagt opp til tre daglege avgangar frå Ulvik kl 0930, 1230 og 1530, og frå Eidfjord 1100, 1400 og 1700. Overfartstida vil vere 1t 10min. Einskildbillettprisen er planlagt å vere ca kr 225. Fartøyet som er tenkt nytta er sertifisert for 150 passasjerar.

Etter avtale med Skyss driv Norled AS i dag snøggbåtrute for Skyss alle dagar i tida 1. mai – 30. september på strekninga Ulvik – Eidfjord – Lofthus – Herand – Norheimsund. Det blei i konkurransegrunnlaget for denne ruta ikkje teke atterhald om å opne for andre aktørar.

Den noverande båtruta har ei overfartstid på 30min mellom Ulvik og Eidfjord. Avgangstidspunkt frå Ulvik til Eidfjord er kl 1115, og frå Eidfjord til Ulvik kl 1440. Billettprisen på denne ruta er kr 133 for vaksne og kr 66 for barn.

Det er dagleg bussamband i Skyss sin regi mellom dei to stadene. Av omsyn til det overordna ruteopplegget inneber dette bussbyte og noko ventetid.

Høyring

I brev av 17.03.17 frå Norled heiter det m.a følgjande:

Norled ble av Skyss etter en anbudskonkurranse tildelt kontrakten for «Snøggbåt Hordaland Rutepakke 6 Turistrute Hardanger» den 27. juni 2013.

[...] Skyss har utløst opsjon til 31.12.2019.

Kontrakten er en nettoavtale der operatør får billettinntektene, og som er grunnlaget for inntekter og driftskostnader for Norled som operatør.

Det er i konkurransegrunnlaget ikke opplyst at det vil bli gitt ruteløyver til andre aktører i samme ruteområdet.

Et ruteløyve til en ny operatør vil skape en konkurrerende virksomhet i ruteområdet, og vil være særdeles skadelig for vår drift basert på våre forutsetninger i konkurransegrunnlaget.

Vi er derfor sterkt imot at nye aktører vil bli gitt ruteløyve i nåværende anbudsperiode.

Anmoder med dette om at det ikke blir gitt ruteløyver til andre aktører, som har til hensikt å drive konkurrerende virksomhet i Skyss sitt ruteområde i Hardangerfjorden, og at søknaden fra Lustrabaatane AS derfor avvises.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen konstaterar at andre turistområde i Norge har fleire fjordbaserte tilbod, som Flåm/Nærøyfjorden og Lysefjorden. Det same burde det vere rom for i Hardanger.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, vil det vere ein føremon for publikum om søknaden frå Lustrabaatane vert imøtekomen, då det vil gi gje publikum eit alternativt tilbod mellom Eidfjord og Ulvik. Slik

fylkesrådmannen vurderer det vil Lustrabaatane og Skyss sine konsept kunne utfylle kvarandre. På sikt kan det bidra til å styrke turistnæringa i området.

Fylkesrådmannen finn at konkurranseflata mellom den omsøkte ruta og Skyss si eksisterande rute er relativt liten. Dette fordi Lustrabaatane si båtrute vil ha meir enn dobbelt så lang overfartstid som Skyss si rute har (høvevis 70 min og 30 min), og fordi Lustrabaatane legg opp til vesentleg høgare takstar enn Skyss sine.

Fylkesrådmannen registrerar at Norled er i mot at det vert etablert ei ny rute, og at det vert trekt fram at det kan påverke inntektene til selskapet. Fylkesrådmannen finn ikkje å kunne rå til å avslå søknaden på dette grunnlaget. Fylkesrådmannen rår difor til at søknaden vert godkjent.